


DEN NORSKE KYRKJA

Sirdal sokneråd

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO



Postboks 133
4441 TONSTAD
Tlf: 38 37 16 00
Faks: 38 37 16 01

Tonstad 27.08.2008
Vår sakshandsamar: PØR
Vår ref.: 08/00026-002
Arkivkode: 002

Styrket demokrati i den norske kyrkje

Når ein les arbeidsgruppa si innstilling, er det verd å merke seg kva dei hadde av mandat og kva Stortingsforliket gav av føringar for arbeidet deira.

Vi er positive til at det blir lagt til rette for auka oppslutning om soknerådsvæl, men er skeptiske til dei føringane som er lagt til grunn i Stortingsforliket. Når det gjeld bruk av direkte val, kan dette problematiserast. Auka bruk av direkte val vil kunne vera ei svekking og underkjenning av lokalledet i kyrkja. I Kyrkjelova § 2 er det presisert at soknet er grunneininga i Den norske kyrkje. For oss er det vesentleg at det er soknet som fellesskap som deltek i val av representantar til kyrkjelege styringsorgan på andre nivå.

Om kyrkjevalet skal leggjast til same dag som offentlege val, er det viktig at det blir markert tydeleg at det er kyrkjelege val.

Då soknerådet i 2006 uttalte seg om "Staten og Den norske kyrkje" i 2006 skreiv soknerådet dette om valordningar og demokrati:

Kyrkja er først og fremst lokal og ein bør ha både kyrkjeordningar og valordningar som synleggjer at soknet er grunneininga i kyrkja.

Då sokneråda i Sirdal gav uttale til "Same kyrkje – ny ordning" i 2002, gav dei uttrykk for at ein ønskte å helde fram med indirekte val som i dag til regional- og sentralkyrkjelege organ.

Vi ser positivt på framlegget om å gje 15 åringer røysterett ved kyrkjeleg val. Soknerådet har heller ingen problem med framlegg om at bispedømmeråda utgjer Kyrkjemøtet, slik at ikkje lenger Kyrkjemøtet vel fem medlemmer sjølv på fritt grunnlag.

Vi ønskjer også å påpeike at det er krevjande å få til ei godt lokalt arbeid med ei høyringsuttale, når dokumenta blir sendt ut rett før ferien med svarfrist 1. september.

Denne uttala er vedtatt i Sirdal sokneråd F-sak 33/2008 - 27. august 2008.

På vegne av Sirdal sokneråd

Per Øistein Rogstad
Dagleg leiar

Kopi til
Agder og Telemark bispedømmeråd
Prosten i Lister